



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
65/2018	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	15.10.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	18/1277

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
65/2018.1	Alminnelig høring - forslag til forskriftsbestemmelser om tildeling av myndighet til Nye Veier AS i henhold til plan- og bygningsloven § 3-7 tredje ledd
65/2018.2	Skriftleg spørsmål frå SV formannskapet 151018 - Oppfølging av FPØ-sak 42

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Oppfølging av Fsk sak 42/18 Kst sak 40/18

Interkommunalt samarbeid med kommunar i Nordhordland.

Kommunestyret i Vaksdal gjorde slikt vedtak i sak 40/18 25.06.2018:

«Vaksdal kommune ser behovet for meir interkommunalt samarbeid og vil delta i felles utgreiing om samarbeid med kommunar i Nordhordland. Kommunestyret ber om å bli orientert om framdrifta i arbeidet.

Ein føreset at saka vert drøfta med arbeidstakarorganisasjonane, og at informasjon og medbestemmelse vert ivareteke».

I saksutgreiinga frå administrasjonen i sak 40/18 framgår det ikkje kva områder som kan vere aktuelle for interkommunalt samarbeid, kven som skal gjere utgreiinga eller kva mandat som skal ligge til grunn. Det er ikkje gjort greie for eventuelle kostnader og korleis desse skal dekkast eller tidsplan for arbeidet.

Vaksdal kommune mottok partsbrev frå Gulen kommune 10.07.2018 og frå Austrheim kommune 28.07.2018 om vedtak i dei respektive kommunestyra for det ein kan tolke som same sak.

Saksutgreiinga i desse kommunane skil seg vesentleg frå det kommunestyret i Vaksdal kommune handsama i sak 40/18

I saksgrunnlaget for Gulen kommune kan ein mellom anna lese:

Fylkesmannen har oppmoda kommunane om å vurdere å få til eit nærare samarbeid på einskilte område. Ordførarar og rådmenn i kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal var samla til ei felles samling 09.03.18 for å drøfte om det var områder som kunne egne seg til meir samarbeid mellom desse kommunane. Konklusjonen frå det møtet var at det er mange område som kommunane kan/bør samarbeide om på ein meir formalisert måte. Med bakgrunn i konklusjonen i møtet vart det sendt ein søknad om skjønnsmidlar til Fylkesmannen, både i Sogn og Fjordane (for Gulen) og Hordaland (for resten av kommunane). Prosjektet fekk ikkje midlar. Ordførarar og rådmenn i desse kommunane er samde om at prosessen med å få til meir formalisert samarbeid må fortsette likevel.

Og vidare:

Vaksdal er med i IKTNH og er difor godt integrert i regionen. Felles IKT gir kommunane ein felles plattform til å samarbeide på mange tenesteområde. Innafor rekneskap/økonomisystem har det vore jobba med standardisering. Det arbeidet gir eit godt grunnlag for å formalisere samarbeidet innafor rekneskap/økonomi. Det at kommunane kjenner kvarandre godt og har felles IKT system gjer at dei har eit godt utgangspunkt for å få til konkret samarbeid.

Dei kommunane som vel å gå inn i eit samarbeid må prioritere arbeidet slik at det vert gjennomført innan dei tidsrammene som vert lagt. Dersom det skal gi resultat må der leggest inn ressursar til gjennomføring.

Kva område er særleg aktuelle for at kommunane kan samarbeide om

Dei områda som i første omgang ser ut som mest aktuelle å samarbeide om vil vere der det er små og sårbare fagmiljø.

Det er kvalitetsutfordringa, krav til kompetanse og redusere sårbarheten som over tid er det viktigaste argumentet for å sjå på organiseringa av kommunale oppgåver, område som krev spesiell kompetanse. Kommunane erfarer at krav til kompetanse og spesialisering gjer samarbeid nødvendig. Det bør på sikt også kunne gi meir effektive tenester.

No i ein tidleg fase er det peika på mange område som kan vere aktuelle, det er mellom anna:

- Økonomi – rekneskap, lønn, eigedomsskatt
- Sak arkiv – dokumentcenter
- Sentralbord – svarteneste – publikumsservice
- NAV
- Teknisk drift - vassverk og avlaupsanlegg
- Næringsutvikling
- PPT
- Barnevern

Det må ikkje undervurderast at utvikling av samarbeid vil krevje tid frå leiinga og tilsette i kommunen. Det må difor ikkje settast i gong meir enn det som kan handterast. Ved val av område må det sjåast på kor den største effekten/gevinsten vil vere.

Korleis organiseringa skal vere vil vere avhengig av kva type oppgåve som skal løysast.

Den mest radikale er å etablere eit nytt Interkommunalt selskap – eit eige IKS. Det minst radikale vil vere å velje meir uformelt samarbeid der ein kommune leverer tenester etter ein avtale eller på konkrete spørsmål. Det kan skje utan nokon formelle avtalar. I mellom dette ligg vertskommune modellen - § 27 selskap.

I første omgang er det tenkt å løyse samarbeidet med same fysiske plassering av dei tilsette. Med god bruk av IKT og god leiing vil de vere fullt mogeleg å kunne få til gode samarbeid utan at den fysiske plasseringa vert endra.

Organisering og tidsplan

Nordhordland Utviklingsselskap IKS vil vere prosjektleiar i prosjektet. Når det vert vedteke kva område som ein skal samarbeide om og kven som skal delta vil det bli etablert underprosjekt. Når underprosjekt er satt i gong må der lagast ein gjennomføringsplan som sikrar tilstrekkeleg framdrift og progresjon. Tidsplan må vere realistisk. Når det er mange kommunar som skal delta stiller det krav til den einskilde kommune om tilstrekkeleg prioritering og at dei tidsplanane vert følgt. Den enkelte kommune må ha beslutningskompetanse slik at avgjerder kan gjerast til riktig tid.

Representantar for dei tilsette vil delta i arbeidet.

Økonomi

Det var i utgangspunktet søkt om skjønnsmidlar frå Fylkesmannen til prosjektet, men det vart ikkje prioritert. Arbeidet er starta opp. Nordhordland Utviklingsselskap vil

vere prosjektleiar. Kvar kommune må bidra med kr 20.000 i 2018. I tillegg må kommunane bidra med eigeninnsats. Ein må kome tilbake til finansieringa i 2019 når det er meir klarlagt kva område og kommunar som vil samarbeide.

Vurdering og konklusjon:

Det er viktig at arbeidet med samarbeid på fagområde med små og sårbare fagmiljø blir prioritert. Arbeidet må gjerast på ein måte som sikrar føreseielege prosessar for alle partar. Informasjon og involvering av dei berørte må prioriterast. Arbeidet må også ha ein politisk forankring som gjer at rådmann har tilstrekkeleg mynde og støtte til å gjere arbeidet.

Heile saksutgreiinga og vedtaket i Gulen kommune finn ein her:

https://innsyn.onacos.no/gulen/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_postliste&showresults=true&calendar_year=&calendar_month=&fradato=2018-07-10T00:00:00&startrow=10

Spørsmål til rådmann:

- 1) Har leiinga sett i verk/varsla endringar i Vaksdal kommune sin administrasjon i høve:
 - Økonomi – rekneskap, lønn, eigedomsskatt
 - Sak arkiv – dokumentcenter
 - Sentralbord – svarteneste – publikumsservise
 - NAV
 - Teknisk drift - vassverk og avlaupsanlegg
 - Næringsutvikling
 - PPT
 - Barnevern
- 2) Korleis forklarar rådmannen dei særskilte saksutgreiingane frå hhv. Austrheim og Gulen kommunar og grunnlag for vedtak i Vaksdal kommune i sak 40/18?
- 3) Prosjektet er kostnadsrekna (I høve saka frå Gulen) til 20 000,- og eigeninnsats for 2018. Er det sett kostnad ved eigeninnsats og evn. Kostnad i rådmannen sitt forslag til budsjett 2019?

Forslag frå SV:

1. Formannskapet ber rådmannen fremja ny sak for kommunestyret i Vaksdal som inneheld alle relevante saksopplysningar gjeldande utgreiing av interkommunalt samarbeid med kommunane i Nordhordland. Saka må og opplyse om kva konsekvensar eit interkommunalt samarbeid kan få for tilsette i Vaksdal kommune og framtida til lokale arbeidsplassar.
2. Før kommunestyret har handsama ei slik sak oppmoder formannskapet administrasjonen om at sak 40/18 vert stilt i bero.

Vedlegg:

Sak 40/18 Vaksdal kommune
Sak 39/18 Gulen kommune
Sak 42/18 Austrheim kommune

Kjartan Haugsnes, SV



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
42/2018	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	04.06.2018
40/2018	Kommunestyret	PS	25.06.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE - 026	18/677

UTGREIING INTERKOMMUNALT SAMARBEID MED KOMMUNAR I NORDHORDLAND

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune ser behovet for meir interkommunalt samarbeid og vil delta i felles utgreiing om samarbeid med kommunar i Nordhordland. Kommunestyret ber om å bli orientert om framdrifta i arbeidet.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 42/2018

FPØ - Behandling:

Rådmannen kom med ei saksopplysning vedk. drøfting med tillitsvalde.

Tilleggsframlegg frå Magne Hestad, AP:

Ein føreset at saka vert drøfta med arbeidstakarorganisasjonane, og at informasjon og medbestemmelse vert ivareteke.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Magne Hestad sitt tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding:

Vaksdal kommune ser behovet for meir interkommunalt samarbeid og vil delta i felles utgreiing om samarbeid med kommunar i Nordhordland. Kommunestyret ber om å bli orientert om framdrifta i arbeidet.

Ein føreset at saka vert drøfta med arbeidstakarorganisasjonane, og at informasjon og medbestemmelse vert ivareteke.

Kommunestyret - Sak 40/2018

KOM - Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - Vedtak:

Vaksdal kommune ser behovet for meir interkommunalt samarbeid og vil delta i felles utgreiing om samarbeid med kommunar i Nordhordland. Kommunestyret ber om å bli orientert om framdrifta i arbeidet.

Ein føreset at saka vert drøfta med arbeidstakarorganisasjonane, og at informasjon og medbestemmelse vert ivareteke.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunar som ikkje skal slå seg saman med andre kommunar ser behovet for meir interkommunalt samarbeid om oppgåver. Mange kommunar med små fagmiljø er sårbare med omsyn til kapasitet og kompetanse.

Gjennom IKT samarbeidet i Nordhordland deltar Vaksdal i rådmannsutvalet med kommunane Osterøy, Meland, Lindås, Masfjorden, Austrheim, Fedje og Radøy. I IKT samarbeidet er det lagt vekt på standardisering av system og praksis. Kommunane har derfor større mogelegheit for å hjelpe kvarandre og samarbeide om oppgåver. Dette, saman med auka digitalisering, kan framover gje kommunane nye mogelegheiter. Til dømes kan ein samarbeide og/eller utføre arbeid for kvarandre utan at det medfører flytting av personar.

Kommunane er i felles driftsnett og kan samarbeide uavhengig av avstandar. Til dømes kan Masfjorden, Modalen og Vaksdal som har vasskraftressursar samarbeide om administrativ kompetanse på dette krevande fagfeltet.

I Nordhordland har kommunane som ikkje skal slå seg saman tatt til orde for å utgreie samarbeid på fleire område enn i dag. Samarbeid mellom enkeltkommunar eller fleire er aktuelt. Vaksdal kommune samarbeidar i dag om oppgåver med fleire av kommunane og er invitert med i utgreiinga på det grunnlag sjølv om kommunen ikkje er med i regionsamarbeidet i Nordhordland.

Vaksdal har som dei andre kommunane vanskelege år framfor oss med krevande tilpassing til vesentleg strammare økonomiske rammer. For å oppretthalde kapasitet og kompetanse innafor dagens lave kostnadsnivå ser rådmann det som nødvendig å søkje samarbeid med andre. Aktuelle samarbeidsområde er i første omgang innafor administrative oppgåver og andre fagområde med små og sårbare fagmiljø. Det at kommunane er vande med å samarbeida er ei føremon.

Arbeidet med utgreiing er tenkt gjennomført som felles administrativt prosjekt med prosjekstøtte frå regionrådet i NH (NUI). Rådmann må sørge for forankring og gode prosessar lokalt i sin kommune. Eventuell sak om samarbeid vert lagt fram til politisk behandling.

Vurdering

Det er viktig at arbeidet med samarbeid på fagområde med små og sårbare fagmiljø blir prioritert. Arbeidet må gjerast på ein måte som sikrar føreseielege prosessar for alle partar. Informasjon og involvering av dei berørte må prioriterast. Arbeidet må også ha ein politisk forankring som gjer at rådmann har tilstrekkeleg mynde og støtte til å gjere arbeidet.

Rådmann vil tilrå at Vaksdal kommune deltar i utgreiinga om interkommunalt samarbeid mellom kommunane i Nordhordland og Vaksdal.



Gulen kommune

Rådmannsavdelinga

Sakshandsamar

Reidun K. Halland

Tlf. 57 78 20 01

Vaksdal kommune
Konsul Jebsensgate 16
5722 DALEKVAM

Vår referanse

18/978 – 18/6800

Dykkar referanse

Dato

09.07.2018

Oversending av vedtak i sak om samarbeid i randkommunane i Nordhordland (inkl. Gulen)

Vedlagt følgjer vedtak frå Gulen kommunestyre si handsaming av sak om samarbeid i randkommunane.

Med helsing

Reidun K. Halland
Rådmann

Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

Samarbeid i randkommunane i Nordhordland (Inkl. Gulen) - godkjenning av oppstart utgreiingsprosjekt

Kopi til:

Nordhordland Utviklingsselskap Iks

Kvassnesvegen 23

5914

ISDALSTØ



Samarbeid i randkommunane i Nordhordland (inkl. Gulen) - godkjenning av oppstart utgreiingsprosjekt

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
039/18	Kommunestyret	21.06.2018

Behandling i Kommunestyret 21.06.2018

Handsaming og røysting

Samrøystes

Vedtak i Kommunestyret KOM sak 039/18

Gulen kommune er positiv til at det vert sett i gang eit prosjekt som ser på moglegheiter for tettare samarbeid på ulike fagområder. Kommunen ynskjer difor å delta i utgreiingsarbeidet som vert sett i gang i regi av randkommunesamarbeidet.

Aktuelle samarbeidsprosjekt vert lagt fram for politisk vurdering før realisering.

Bakgrunn for saka:

I Nordhordland er det no tre kommunar (Lindås, Meland og Radøy) som skal bli til Alver kommune frå 01.01.2020. Dei kommunane som ikkje har valt og slå seg saman ser at det er behov for å samarbeide tettare på einskilde områder for å bli mindre sårbare enn det ein er i dag. Dette gjeld spesielt på områder der det er små fagmiljø.

Fylkesmannen har oppmoda kommunane om å vurdere å få til eit nærare samarbeid på einskilde område. Ordførarar og rådmenn i kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal var samla til ei felles samling 09.03.18 for å drøfte om det var områder som kunne egne seg til meir samarbeid mellom desse kommunane. Konklusjonen frå det møtet var at det er mange område som kommunane kan/bør samarbeide om på ein meir formalisert måte. Med bakgrunn i konklusjonen i møtet vart det sendt ein søknad om skjønnsmidlar til Fylkesmannen, både i Sogn og Fjordane (for Gulen) og Hordaland (for resten av kommunane). Prosjektet fekk ikkje midlar. Ordførarar og rådmenn i desse kommunane er samde om at prosessen med å få til meir formalisert samarbeid må fortsette likevel.

Det er i første rekke tenkt at samarbeidet vil skje utan at den fysiske plasseringa til dei tilsette vil endre seg. Med felles IKT i Nordhordland er det fullt mogeleg å få til samarbeid som kan bidra til eit større fagmiljø og mindre sårbarheit i tenestene. Det er ikkje forventa at samarbeidet i første omgang skal gje dei store innsparingane, men det er større fagmiljø, kvalitet og mindre sårbarheit som er dei største gevinstane.

Formålet med denne saka er å orientere om det arbeidet som er gjort fram til no og be om tilslutning frå kommunestyret til å gå vidare med arbeidet. Kommunestyret vil bli orientert om framdrifta i prosjektet.

Saksvurdering og konklusjon:

Kommunane (Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal) som ønskjer å få til konkret samarbeid på ulike områder er alle med i Regionrådet for Nordhordland, med unntak av Vaksdal. Alle er med i IKT Nordhordland (IKTNH) med unntak av Gulen.

Vaksdal er med i IKTNH og er difor godt integrert i regionen. Felles IKT gir kommunane ein felles plattform til å samarbeide på mange tenesteområde. Innafor rekneskap/økonomisystem har det vore jobba med standardisering. Det arbeidet gir eit godt grunnlag for å formalisere samarbeidet innafor rekneskap/økonomi. Det at kommunane kjenner kvarandre godt og har felles IKT system gjer at dei har eit godt utgangspunkt for å få til konkret samarbeid.

Det kan vere aktuelt for Gulen å verte med i IKTNH samarbeidet. Sak om mogleg uttreden av SYSIKT (10 kommunar i Sogn og Ytre Sunnfjord) vart første gang drøfta på styremøte i SYSIKT 12.06.18. Vedtektene i SYSIKT legg opp til lang utmeldingsprosess, samt eit økonomisk oppgjer ved uttreden. Styret i SYSIKT ber leiinga i iktsamarbeidet førebu sak til neste møte der det vert belyst ulike sider ved uttreden av kommunar og evt inntreden av nye kommunar (Vik kan vere aktuell).

Det treng ikkje vere slik at alle kommunane treng å vere med på alt. Det kan vere ein fordel i ein oppstartsfase at det ikkje er for mange som deltek, så kan heller fleire kople seg på når samarbeidet er etablert. Samarbeidet treng heller ikkje å vere med dei kommunane som ligg nærast kvarandre, det kan vere andre faktorar som avgjer kven som bør vere med i samarbeidet. Sjølv om ikkje alle kommunane deltek i alt av samarbeid vil det vere ein stor fordel at samarbeida er kjent for dei andre kommunane og at ein kan kople seg på samarbeidet når det måtte vere tenleg.

Dei kommunane som vel å gå inn i eit samarbeid må prioritere arbeidet slik at det vert gjennomført innan dei tidsrammene som vert lagt. Dersom det skal gi resultat må der leggest inn ressursar til gjennomføring.

Kva område er særleg aktuelle for at kommunane kan samarbeide om

Dei områda som i første omgang ser ut som mest aktuelle å samarbeide om vil vere der det er små og sårbare fagmiljø.

Det er kvalitetsutfordringa, krav til kompetanse og redusere sårbarheten som over tid er det viktigaste argumentet for å sjå på organiseringa av kommunale oppgåver, område som krev spesiell kompetanse. Kommunane erfarer at krav til kompetanse og spesialisering gjer samarbeid nødvendig. Det bør på sikt også kunne gi meir effektive tenester.

No i ein tidleg fase er det peika på mange område som kan vere aktuelle, det er mellom anna:

- Økonomi – rekneskap, lønn, eigedomsskatt
- Sak arkiv – dokumentcenter
- Sentralbord – svarteneste – publikumsservise
- NAV
- Teknisk drift - vassverk og avlaupsanlegg
- Næringsutvikling
- PPT
- Barnevern

Det må ikkje undervurderast at utvikling av samarbeid vil krevje tid frå leiinga og tilsette i kommunen. Det må difor ikkje settast i gong meir enn det som kan handterast. Ved val av område må det sjåast på kor den største effekten/gevinsten vil vere.

Korleis organisere/styre eit samarbeid

Når det gjeld styringsutfordringar knytt til ulike former for interkommunale samarbeid, har denne vore problematisert i mange rapportar og analysar siste åra. Ekspertutvalet og fleire andre aktørar har brukt dette som viktige argument for kommunereforma siste åra. Dette er relevant, men det er viktig å hugse på at leveranse av kjerneoppgåver i all hovudsak blir levert og skal framleis leverast av primærkommunen åleine. Interkommunale samarbeid femner pr i dag om ein svært liten del av kommunen sitt netto driftsbudsjett. Det er mest naturleg å samarbeide om typiske driftsoppgåver som til dagleg ikkje omhandlar prinsipielle saker der folkevalde organ skal sele sitt. Styringa bør føregå gjennom føringar i planar og tildelingsbrev.

Korleis organiseringa skal vere vil vere avhengig av kva type oppgåve som skal løysast.

Den mest radikale er å etablere eit nytt Interkommunalt selskap – eit eige IKS. Det minst radikale vil vere å velje meir uformelt samarbeid der ein kommune leverer tenester etter ein avtale eller på konkrete spørsmål. Det kan skje utan nokon formelle avtalar. I mellom dette ligg vertskommune modellen - § 27 selskap.

I første omgang er det tenkt å løyse samarbeidet med same fysiske plassering av dei tilsette. Med god bruk av IKT og god leiging vil de vere fullt mogeleg å kunne få til gode samarbeid utan at den fysiske plasseringa vert endra.

Organisering og tidsplan

Nordhordland Utviklingsselskap IKS vil vere prosjektleiar i prosjektet. Når det vert vedteke kva område som ein skal samarbeide om og kven som skal delta vil det bli etablert underprosjekt. Når underprosjekt er satt i gong må der lagast ein gjennomføringsplan som sikrar tilstrekkeleg framdrift og progresjon. Tidsplan må vere realistisk. Når det er mange kommunar som skal delta stiller det krav til den einskilde kommune om tilstrekkeleg prioritering og at dei tidsplanane vert følgt. Den enkelte kommune må ha beslutningskompetanse slik at avgjerder kan gjerast til riktig tid.

Representantar for dei tilsette vil delta i arbeidet.

Økonomi

Det var i utgangspunktet søkt om skjønnsmidlar frå Fylkesmannen til prosjektet, men det vart ikkje prioritert. Arbeidet er starta opp. Nordhordland Utviklingsselskap vil

vere prosjektleiar. Kvar kommune må bidra med kr 20.000 i 2018. I tillegg må kommunane bidra med eigeninnsats. Ein må kome tilbake til finansieringa i 2019 når det er meir klarlagt kva område og kommunar som vil samarbeide.

Vurdering og konklusjon:

Det er viktig at arbeidet med samarbeid på fagområde med små og sårbare fagmiljø blir prioritert. Arbeidet må gjerast på ein måte som sikrar føreseielege prosessar for alle partar. Informasjon og involvering av dei berørte må prioriterast. Arbeidet må også ha ein politisk forankring som gjer at rådmann har tilstrekkeleg mynde og støtte til å gjere arbeidet.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Gulen kommune er positiv til at det vert sett i gang eit prosjekt som ser på moglegheiter for tettare samarbeid på ulike fagområder. Kommunen ynskjer difor å delta i utgreiingsarbeidet som vert sett i gang i regi av randkommunesamarbeidet.

Aktuelle samarbeidsprosjekt vert lagt fram for politisk vurdering før realisering.



AUSTRHEIM KOMMUNE

Rådmannen

Vaksdal kommune
Konsul Jepsensgate 16
5722 DALEKVAM

Dykkar ref.:

Vår ref.:
18/475 - 3 / JOO

Dato:
27.07.2018

Melding om vedtak - Randkommune samarbeid i Nordhordland

Vedlagt følger vedtak i sak om Randkommune samarbeid i Nordhordland

Med helsing

Jan Olav Osen
rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:
Randkommune samarbeid i Nordhordland (L)(110751)

Mottakere:

Fedje kommune	Stormarkvegen 49	5947	Fedje
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	Eivindvik
Masfjorden kommune	Austefjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Mo 3	5732	Modalend
Nordhordland Utviklingsselskap	Kvassnesvegen 23	5914	ISDALSTØ
Osterøy kommune	RÅDHUSET	5282	LONEVÅG
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgate 16	5722	DALEKVAM

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
042/18	Kommunestyret	PS	21.06.2018

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen		18/475

"Randkommune" samarbeid i Nordhordland**Framlegg til vedtak:**

Austrheim kommune ser behov for å styrka og formalisere eit tettare samarbeid på einkilde område.

Kommunestyre ber om å bli orientert om framdrifta i arbeidet.

Kommunestyret - 042/18 - 21.06.2018**KS - behandling:**

Framlegg frå Jorund Stellberg (Uavh.):

Austrheim kommune ser behov for å styrka og formalisere eit tettare samarbeid på einkilde område.

Samarbeida må formaliserast som eiga juridisk eining for å ivareta både tenesteyting, samfunnsbygging og demokrati.

Kommunestyret ber om å bli orientert om framdrifta i arbeidet.

Framlegget frå Jorund Stellberg fekk 6 røyster (H,V og Uavh.) og fall.

Rådmannen sitt framlegg vart deretter samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Austrheim kommune ser behov for å styrka og formalisere eit tettare samarbeid på einkilde område.

Kommunestyre ber om å bli orientert om framdrifta i arbeidet.

Saksopplysninger:**Samandrag og innleiing**

I Nordhordland er det no tre kommunar (Lindås, Meland og Radøy) som skal bli til Alver kommune frå

01.01.2020. Dei kommunane som ikkje har valt og slå seg saman ser at det er behov for å samarbeide tettare på einkilde område for å bli mindre sårbar enn det ein er i dag. Dette gjeld spesielt på område der det er små fagmiljø.

Fylkesmannen har også oppmoda kommunane om å vurdere å få til eit nærare samarbeid på einkilde område. Ordførarar og rådmenn i kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal var samla til ei felles samling 09.03.18 for å drøfte om det var område som kunne egne seg til meir samarbeid mellom desse kommunane. Konklusjonen frå det møte var at det er mange område som kommunane kan/bør samarbeide om på ein meir formalisert måte. Med bakgrunn i det møte vart det også sendt ein søknad om skjønnsmidlar til Fylkesmannen. Den søknaden fekk ikkje midlar. Ordførar og rådmenn i desse kommunane er samde om at prosessen med å få til meir formalisert samarbeid må fortsette.

Det er tenkt at samarbeidet vil skje utan at den fysiske plasseringa til dei tilsette vil endre seg. Med felles IKT i Nordhordland er det fullt mogeleg å få til samarbeid som kan bidra til eit større fagmiljø og mindre sårbarhet i tenestene. Det er ikkje forventa at samarbeidet i første omgang skal gi dei store innsparingane, men det er større fagmiljø, kvalitet og mindre sårbarhet som er dei største gevinstane.

Formålet med denne saka er å orientere om det arbeidet som er gjort fram til no og be om tilslutning frå kommunestyret til å gå vidare med arbeidet. Kommunestyret vil bli orientert om framdrifta i prosjektet.

Kommunane som ønskjer samarbeid

Kommunane (Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal) som ønskjer å få til konkret samarbeid på ulike område er alle med i Regionrådet for Nordhordland, med unntak av Vaksdal. Ein annan viktig faktor er at alle er med i IKT Nordhordland (IKTNH) med unntak av Gulen. Vaksdal er med i IKTNH og er difor godt integrert i regionen. Gulen skal etter planen bli med i IKTNH samarbeidet. Felles IKT gir kommunane ein felles plattform til å samarbeide på mange tenesteområde. Innafor rekneskap/økonomisystem har det vore jobba med standardisering. Det arbeidet gir eit godt grunnlag for å formalisere samarbeidet innafor rekneskap/økonomi. Det at kommunane kjenner kvarandre godt og har felles IKT system gjer at dei har eit godt utgangspunkt for å få til konkret samarbeid.

Det trenger ikkje å vere slik at alle kommunane trenger å vere med på alt. Det kan vere ein fordel i ein oppstartsfase at det ikkje er for mange som deltek, så kan heller fleir kople seg på når samarbeidet er etablert. Samarbeidet treng heller ikkje å vere med dei kommunane som ligg nærast kvarandre, det kan vere andre faktorar som avgjer kven som bør vere med i samarbeidet. Sjølv om ikkje alle kommunane deltek i alt av samarbeid vil det vere ein stor fordel at samarbeida er kjent for dei andre kommunane og at ein kan kople seg på samarbeidet når det måtte vere tenleg.

Dei kommunane som vel å gå inn i eit samarbeid må prioritere arbeidet slik at det vert gjennomført innan dei tidsrammene som vert lagt. Dersom det skal gi resultat må der leggest inn ressursar til gjennomføring.

Kva område er særleg aktuelle for at kommunane kan samarbeide om

Dei områda som i første omgang ser ut som mest aktuelle å samarbeide om vil vere der det er små og sårbare fagmiljø.

Det er kvalitetsutfordringa, krav til kompetanse og redusere sårbarheten som over tid er det viktigaste argumentet for å sjå på organiseringa av kommunale oppgåver, område som krev spesiell

kompetanse. Kommunane erfarer at krav til kompetanse og spesialisering gjer samarbeid nødvendig. Det bør på sikt også kunne gi meir effektive tenester.

No i ein tidleg fase er det peika på mange område som kan vere aktuelle, det er mellom anna:

- Økonomi – rekneskap, lønn, eigedomsskatt
- Sak arkiv – dokumentcenter
- Sentralbord – svarteneste – publikumsservice
- NAV
- Teknisk drift - vassverk og avlaupsanlegg
- Næringsutvikling
- PPT
- Barnevern

Det må ikkje undervurderast at utvikling av samarbeid vil krevje tid frå leinga og tilsette i kommunen. Det må difor ikkje settast i gong meir enn det som kan handterast. Ved val av område må det sjåast på kor den største effekten/gevinsten vil vere.

Korleis organisere/styre eit samarbeid

Når det gjeld styringsutfordringa knytt til ulike former for interkommunale samarbeid, har denne vore problematisert i mange rapportar og analysar siste ti åra. Ekspertutvalet og fleire andre aktørar har brukt dette som viktige argument for kommunereforma siste åra. Dette er relevant, men det er viktig å hugse på at leveranse av kjerneoppgåver i all hovudsak blir levert og skal framleis leverast av primærkommunen åleine. Interkommunale samarbeid femner pr i dag om ein svært liten del av kommunen sitt netto driftsbudsjett. Det er mest naturleg å samarbeide om typiske driftsoppgåver som til dagleg ikkje omhandlar prinsipielle saker der folkevalde organ skal seie sitt. Styringa bør føregå gjennom føringar i planar og tildelingsbrev.

Korleis organiseringa skal vere vil vere avhengig av kva type oppgåve som skal løysast.

Den mest radikale er å etablere eit nytt Interkommunalt selskap – eit eige IKS. Det minst radikale vil vere å velje meir uformelt samarbeid der ein kommune leverer tenester etter ein avtale eller på konkrete spørsmål. Det kan skje utan nokon formelle avtalar. I mellom dette ligg vertskommune modellen - § 27 selskap.

I første omgang er det tenkt å løyse samarbeidet med same fysiske plassering av dei tilsette. Med god bruk av IKT og god leing vil de vere fullt mogeleg å kunne få til gode samarbeid utan at den fysiske plasseringa vert endra.

Organisering og tidsplan

Nordhordland Utviklingsselskap IKS vil vere prosjektleiar i prosjektet. Når det vert vedteke kva område som ein skal samarbeide om og kven som skal delta vil det bli etablert underprosjekt. Når underprosjekt er satt i gong må der lagast ein gjennomføringsplan som sikrar tilstrekkeleg framdrift og progresjon.

Tidsplan må vere realistisk. Når det er mange kommunar som skal delta stiller det krav til den einskilde kommune om tilstrekkeleg prioritering og at dei tidsplanane vert følgt. Den enkelte kommune må ha beslutningskompetanse slik at avgjerder kan gjerast til riktig tid.

Økonomi

Det var i utgangspunktet søkt om skjønnsmidler frå Fylkesmannen til prosjektet, men det vart ikkje prioritert. Arbeidet er starta opp. Nordhordland Utviklingsselskap vil vere prosjektleiar. Kvar kommune må bidra med kr 20.000 i 2018. I tillegg må kommunane bidra med eigeninnsats. Ein må kome tilbake til finansieringa i 2019 når det er meir klarlagt kva område og kommunar som vil samarbeide.

Konklusjon:

Det er viktig at arbeidet med samarbeid på fagområde med små og sårbare fagmiljø blir prioritert. Arbeidet må gjerast på ein måte som sikrar føreseielege prosessar for alle partar. Informasjon og involvering av dei berørte må prioriterast. Arbeidet må også ha ein politisk forankring som gjer at rådmann har tilstrekkeleg mynde og støtte til å gjere arbeidet.